

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
100/14	Formannskapet	PS	13.05.2014
070/14	Kommunestyret	PS	03.06.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ian Percy	FA - F39	14/568

Busetjing av flyktningar i Austrheim kommune 2014 - 2016

Vedlegg:

Oppmoding om busetting av flyktningar 2012-2014 - brev frå IMDI

Særutskrift - Busetting av flyktningar i Austrheim kommune 2012 - 2014 -KS sak 141/12

Busetting av flyktningar - brev frå KS

Oppfordring til kommunestyret om å bosette flyktningbarn - brev frå Redd Barna

Oppmoding om busetting av flyktningar 2014 -2016 - brev frå IMDI

Særutskrift - Kjøp av bustad til flyktningar - KS sak 097/13

Flere flyktningbarn trenger et hjem - KS

Flyktning budsjett projeksjon

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune vil busetja dette talet flyktningar:

- Mottak av 11 personar i 2014
- Mottak av 10 personar i 2015
- Mottak av 10 personar i 2016

Rådmannen får i oppgåve å arbeida fram ein plan for leige eller kjøp/bygging av bustader til dette føremålet.

Rådmannen innstiller også på at Austrheim kommune sikrar i effektiv og omfattande integreringsprogram for flyktningar ved å avsetje 7 språkspraksisplasser i kommunale avdelingar. Frå januar 2015,

- 2 i Nordliheimen
- 2 i teknisk-drift/reinhald
- 3 i skulane og barnehagane.

Flyktningkonsulent og dei omfatta avdelingar skal sjå nærmare på varigheit og oppgåvene flyktningane skal ha.

Formannskapet - 100/14

FS - behandling:

Framlegg frå ordføraren:

Austrheim kommune vil busetja dette talet flyktningar:

- Mottak av 11 personar i 2014
- Eventuelt mottak av 10 personar i 2015 og 10 personar i 2016 vert tatt opp som sak i slutten av 2014.

Rådmannen får i oppgåve å arbeida fram ein plan for leige eller kjøp/bygging av bustader til dette føremålet.

Rådmannen innstiller også på at Austrheim kommune sikrar i effektiv og omfattande integreringsprogram for flyktningar ved å avsetje 7 språkspraksisplasser i kommunale avdelingar. Frå januar 2015,

- 2 i Nordliheimen
- 2 i teknisk-drift/reinhald
- 3 i skulane og barnehagane.

Flyktningkonsulent og dei omfatta avdelingar skal sjå nærmare på varigheit og oppgåvene flyktningane skal ha.

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes tilrådd.

FS - vedtak:

Austrheim kommune vil busetja dette talet flyktningar:

- Mottak av 11 personar i 2014
- Eventuelt mottak av 10 personar i 2015 og 10 personar i 2016 vert tatt opp som sak i slutten av 2014.

Rådmannen får i oppgåve å arbeida fram ein plan for leige eller kjøp/bygging av bustader til dette føremålet.

Rådmannen innstiller også på at Austrheim kommune sikrar i effektiv og omfattande integreringsprogram for flyktningar ved å avsetje 7 språkspraksisplasser i kommunale avdelingar. Frå januar 2015,

- 2 i Nordliheimen
- 2 i teknisk-drift/reinhald
- 3 i skulane og barnehagane.

Flyktningkonsulent og dei omfatta avdelingar skal sjå nærmare på varigheit og oppgåvene flyktningane skal ha.

Kommunestyret - 070/14

KS - behandling:

Formannskapet si tilråding:

Austrheim kommune vil busetja dette talet flyktningar:

- Mottak av 11 personar i 2014
- Eventuelt mottak av 10 personar i 2015 og 10 personar i 2016 vert tatt opp som sak i slutten av 2014.

Rådmannen får i oppgåve å arbeida fram ein plan for leige eller kjøp/bygging av bustader til dette føremålet.

Rådmannen innstiller også på at Austrheim kommune sikrar i effektiv og omfattande integreringsprogram for flyktningar ved å avsetje 7 språkspraksisplasser i kommunale avdelingar. Frå januar 2015,

- 2 i Nordliheimen
- 2 i teknisk-drift/reinhald
- 3 i skulane og barnehagane.

Flyktningkonsulent og dei omfatta avdelingar skal sjå nærmare på varigheit og oppgåvene flyktningane skal ha.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Austrheim kommune vil busetja dette talet flyktningar:

- Mottak av 11 personar i 2014
- Eventuelt mottak av 10 personar i 2015 og 10 personar i 2016 vert tatt opp som sak i slutten av 2014.

Rådmannen får i oppgåve å arbeida fram ein plan for leige eller kjøp/bygging av bustader til dette føremålet.

Rådmannen innstiller også på at Austrheim kommune sikrar i effektiv og omfattande integreringsprogram for flyktningar ved å avsetje 7 språkspraksisplasser i kommunale avdelingar. Frå januar 2015,

- 2 i Nordliheimen
- 2 i teknisk-drift/reinhald
- 3 i skulane og barnehagane.

Flyktningkonsulent og dei omfatta avdelingar skal sjå nærmare på varigheit og oppgåvene flyktningane skal ha.

Saksopplysninger:

1. Saka gjeld

Austrheim kommune vedtok i sak 141/12 å busetja inntil 15 flyktningar. Det er no gjort avtale med IMDi om å busetja 19 flyktningar i 2013 og frem til april 2014.

2. Saksopplysningar

Austrheim har fått følgjande førespurnad:

- Mottak av minst 11 personar i 2014
- Mottak av minst 10 personar i 2015
- Mottak av minst 10 personar i 2016

Tala inkluderer ikkje familiegjenforening.

IMDi skriv at det i dag er om lag 5727 personer i asylmottak med lovleg opphaldsløyve som ventar å flytta til ein kommune. Over 800 av desse er born i familie.

Tilgang på bustader er det som avgjer om vi får til busetjinga. Det er kjøpt ein bustad i Slettebakkane, det er gjort avtale med Austrheim Næringssselskap om leie av to bustader i Kystlandsbyen i 20år og i tillegg er ein bustad leigd direkte frå Austrheim Næringssselskap til en flyktning. Kommunen fekk 40% tilskot frå Husbanken til kjøp av flyktningbustad i Slettebakkane, og Austrheim Næringssselskap fekk 30% tilskot til kjøp av to bustader i Kystlandsbyen med unntak at kommunen har tildelingsrett i minst 20 år. Det som avgjer om vi har oppnådd tilskota er kostnaden på bustaden og om bygginga er basert på politisk vedtak gjennom ein bustadsosial handlingsplan. Austrheim kommune har ein slik plan, han vert lagt fram til politisk handsaming i år. I tillegg må bustaden verta nytta til prioriterte grupper i minst 20 år for å oppnå tilskot.

3. Opplysningar om dei 19 flyktningar som har kome

Per i dag har me tatt imot 19 flyktningar: ein familie på sju, ein familie på åtte, ei einsleg mor med eit barn og to gutar i 20åra som bur i burettslag. Alle bur i Breivikhaugane, utanom dei to gutane som bur på Slettebakken. Alle kjem frå Somalia og har vært i Norge i minst eit år før dei flytta til kommunen. Dei første fire kom til kommunen i oktober i fjor men dei to store familiar måtte vente til husa deira var ferdig bygd. Familie på åtte kom i januar og familien på sju kom i april. Me har som at mål at alle skal byrje i introduksjonsprogrammet, skule eller barnehagen innan ein månad etter framkomst. Vi er lovpålagd å setje i gang tiltak innan tre månader. Vi har så langt klart å nå desse måla.

Alle barna går på skule eller barnehagen og deltek i SFO. Dei har og blitt meldt på i Austrheim Idrettslag (AIL), og skal byrja å spille fotball med ein gang AIL er klar til det. I tillegg har eit barn fått plass i Austrheim Svømmeklubb til hausten.

Dei vaksne har også byrja å delta i lokalsamfunnet i ulik grade. Nokon har delteke i eit svømmekurs

for vaksne på Radøyhallen, er med på bading på Kaland skule kvar måndag og skal byrja i Nordhordland Padleklubb. Andre spiller fotball så ofte som mogleg og skal truleg byrja i Radøy Idrettslag i framtida. Andre kan ein finna på Austrheimhallens styrkerom på opne dagar at det er opent. For kvinnene er Årås Sanitetsforeining i gang med prosjekt «Sesam» som er ein møteplass for kvinner med ulik bakgrunn. Dei er retta mot å auka språkkunnskap og fellesskap for innvandrar kvinner og har hatt stor suksess i andre kommunar rundt om i Noreg. Flyktningkonsulenten har og planlagt ein mediakampanje til hausten. Den skal prøve å skaffa meir frivillig engasjement hjå flyktningane og me håper å får til ein bærekraftig fadderfamilie/flyktningguideordning.

For å få alt dette til har me oppbemanna i Årås skule med ein full lærer stilling, og ein halv assistentstilling. I vaksenopplæringa har vi oppbemanna med to og ein halv lærarstilling og ein halv miljøarbeidarstilling, og me har og fått ein flyktningkonsulent stilling hos NAV. Flyktningkonsulenten har etablert gode kontaktar innan IMDi og andre flyktningstenester rundt i Hordaland for å sikre et breidd fagmiljø. Austrheim kommune er nå medlem i Faglig Forum for Kommunalt Flyktningararbeid (ffkf), og flyktningkonsulenten har eit tett samarbeid med andre flyktningkonsulentar i Nordhordland.

4. Vurdering

Austrheim har sidan det vart aktuelt å ta imot flyktningar, bemanna opp med kompetanse innan NAV, skule og vaksenopplæring. I sum har vi auka bemanninga med seks stillingar, og det er truleg at det kan aukas med ein eller to til. Det vil vera logisk å ta imot flyktningar framover for å få full utbytte av denne kompetansen. Tidlegare har kommunen teke imot flyktningar i to puljar, det har ikkje tidlegare vore busett så mange flyktningar som det no vert søkt om frå IMDi.

Rådmannen ser det som ein god strategi å busetja eit tal flyktningar kvart år framover. På den måten vert det lettare å byggja opp og halda på kompetanse i fleire avdelingar. Truleg vil familiar vera ei god målgruppe for busetjing. Kommunen har gode tenester for born og unge, det kan og verta lettare for foreldre å oppnå personleg kontakt gjennom foreldremøte og aktivitet for born og unge i kommunen. Dette vil rådmannen og flyktningkonsulent formidla til IMDi.

Å busetja flyktningar er ei nasjonal oppgåve som kommunane må gå inn i. Det sit for mange flyktningar i mottak på grunn av at kommunane ikkje tar i mot nok i forhold til behovet. Austrheim kommune har gått inn i denne oppgåva og har bemanna opp med kompetanse for oppgåva. Det vil såleis vera rett å gå inn i eit større «program» for busetjing for å utnytta denne kompetansen. Det er også meir økonomisk berekraftig å inngå et løypande busetjing av flyktningar framover, sjå på flyktning budsjett projeksjon i vedlegga.

Kommunen har vore med i et sentralt forsøk med kommunepsykolog gjennom familiekontoret, dette kan og verta ei viktig teneste å halda på framover i dette arbeidet.

Det vil truleg verta behov for å auka tal tilsette i NAV for å arbeida med ei så stor gruppe som etter kvart kan bli busett i kommunen. Auka tilsette i NAV vil truleg bidra til meir tid til integringsaktiviteter og djupare oppfølging av flyktningane. Rådmannen vil vurdere dette framover og koma tilbake til kommunestyret dersom det oppstår slikt behov.

I desse dagen vert det arbeidd for å oppbemanna «Grønt arbeid». Det vil vera ei teneste som kan inngå i introduksjonsprogrammet for flyktningane. I tillegg vil det vera ei svart viktig oppgåva å arbeida inn mot kommune avdelingar og det lokale næringslivet for å få til språk og – arbeidspraksisplasser.

I følgje erfaring frå andre flyktningstenester i Hordaland, er kommunale avdelingar eit meir naturleg sted for språkspraksisplasser enn privatarbeidsgivar. Ulikt arbeidspraksisplasser kjem ikkje

språkspraksisplasser med eit tilskot til tilrettelegging. På grunn av erfaring av kor vanskeleg det har vært å få til språkspraksisplasser i kommunale avdelingar, ønskjer rådmannen at kommunestyre vedtek eit bestemt tall språkspraksisplasser i ulike kommunale avdelingar frå jan 2015.

Språkspraksisplasser er ein nødvendig del av introduksjonsprogrammet og fører til eit meir effektiv norskopplæring og grundig opplæring i arbeidskompetanse. Språkspraksisplasser har vore eit avgjørande tiltak for effektiv sysselsetting av flyktningane i andre kommunar. Rådmannen foreslår 2 språkspraksisplasser hos teknisk-drift/reinhald, 2 hos Nordliheimen og 3 hos skulane og barnehagane for et total av 7 språkspraksisplasser. Rådmanne foreslår at dei plassane skal haldast av til flyktningane i årene framover og at flyktningkonsulent og dei omfatta avdelingar skal sjå nærmare på varigheit og oppgåvene flyktningane skal ha.

Rådmannen ønskjer at kommunestyret skal avgjøre saken på tidlegast anledning. Dette av omsyn til at eit effektiv og bærekraftig mottak av flyktningar krevjas mye forarbeid. Erfaring frå 2013 viser til at om flyktningkonsulent skal ha ein akseptable arbeidsmengde og ein meir føreseieleg arbeidstid, er god planleggingstid før busetjing ein føresetnad. Rådmannen kan også nemne at erfaring frå andre kommunar viser til at et løypande mottak av flyktningar føre til et meir effektiv integrering. Rådmannen viser til at erfaring frå andre kommunar at om Austrheim kommune vil behalda sine nye bebuarar, er et felles miljø for flyktningar ein føresetnad.

5. Konklusjon

Rådmannen innstiller på at Austrheim kommune tek i mot 11 flyktningar i 2014, 10 i 2015 og 10 i 2016. Grunnen til at ein tar 11 ikkje 15 som IMDi ber om i 2014, er at det er komme 4 fleire flyktningar til kommune i 2013 enn det først vart gjort vedtak om.

Rådmannen innstiller også på at Austrheim kommune sikrar i effektiv og omfattande integreringsprogram for flyktningar ved å avsetje 7 språkspraksisplasser i kommunale avdelingar. Frå januar 2015, 2 i Nordliheimen, 2 i teknisk-drift/reinhald og 3 i skulane og barnehagane.